

SAK 35/25 FINANSIERING AV STILLING SOM DISTRIKTSMUSIKAR OG KOORDINATOR FOR FOLKEMUSIKK

Saksopplysing

I forrige møte i Regionrådet orienterte prosjektleiar på Sprang Scene, Rannveig Øygardslia om eit prosjekt som går ut på å ta vare på tradisjonskulturen i Hallingdal.

Saka vart motteke med stor interesse og Regionrådet fatta slikt vedtak:

«Regionrådet ber administrasjonen og KRU legge fram ein sak om finansiering av distriktsmusikar og ein koordinator for folkemusikk i Hallingdal på neste møte.»

«Prosjekt tradisjonskultur» er etablert som eit regionalt prosjekt som arbeider for å skape tilbod og aktivitet innan folkedans og folkemusikk i Hallingdal. Andrea Søgnen er prosjektkoordinator i 50% stilling frå hausten 2024 og fram til 1. mai 2026 og det er Ål kommune og fylkeskommunen som har finansiert prosjektet. Prosjektet sitt overordna mål er at alle som veks opp i Hallingdal skal ha moglegheit til å drive med folkemusikk og folkedans. Alle skal også kjenne til dei lokale tradisjonane. For å sikre dette, trengs det fleire tilbod i kulturskulane og faste innslag av folkemusikk og folkedans i barnehagane og skulane. Derfor arbeider prosjektet for å opprette stillingar som distriktsmusikar og ein stilling som folkemusikk-koordinator.

Både målsettinga og tilrådinga til prosjektet passar inn i målsettinga i Hallingdal. Hallingtinget vedtok ny Regionplan for Hallingdal i oktober 2024. Der er eit av tiltaka formulert slik i pkt. 6.3.7

(Hallingdal skal) «Arbeide for interkommunalt samarbeid om formidling innan tradisjonskulturen i Hallingdal, særlig innan for kultur og oppvekstsektoren»

I denne saka skal Regionrådet ta stilling til korleis ein skal jobbe vidare med vedtaket frå Hallingtinget og heit konkret - korleis regionen kan få på plass distriktsmusikarar og ein koordinator for folkemusikk for å sikre og bevare tradisjonskulturen i Hallingdal.

Vurdering:

Hallingdal har sterke tradisjonar innan folkemusikk og folkedans, men slit når det gjeld opplæring, rekruttering og det å halde tradisjonen ved like. Tilboda i kulturskular, barnehagar og skular er få og lite synlege, og tradisjonane blir i stor grad haldne i hevd av frivillige eldsjeler. Dette er svært sårbart. Skal me lukkast i å ta vare på tradisjonskulturen i dalen, er behov for samarbeid mellom det offentlege og frivillig sektor. Etablering av distriktsmusikarstillingar kan vera ei løysing kanskje i kombinasjon med ei stilling som koordinator for folkemusikk. Erfaringar frå andre regionar syner iallfall at slike stillingar styrkar rekruttering og aktivitet.

Kva skal inngå i stillinga som distriktsmusikar og korleis kan det organiserast:

Prosjektet ser for seg 2-3 distriktsmusikarar i deltidsstilling – opp mot 200% stilling totalt

I regionar som Sunnfjord, Voss og Hardanger er distriktsmusikar-stillingane todelte:

- 50 % opplæring i kulturskule (individuell eller gruppeundervisning)
- 50 % utøvande arbeid (rekruttering i barnehage/skule, konserter og førestillingar)

Hallingdal har gode samarbeidspartnerar som kan styrke den utøvande delen, som Sprang, Folkemusikkveka, Hallingdalsmusea og turistnæringa. Samarbeid med nasjonale aktørar som Riksscenen kan også bidra til å løfte regionen nasjonalt.

Mogleg modell for Hallingdal:

- Tilsetjing i kultursektoren i éi kommune
- Tenestene blir levert til alle kommunane gjennom felles finansiering
- Musikaren reiser mellom kommunane, noko som gjer tilbodet meir tilgjengeleg for elevane

Kva skal inngå i stillinga som koordinator for folkemusikk og korleis kan det organiserast:

Prosjekt tradisjonskultur ser for seg ein folkemusikk-koordinator i 50% fast stilling i Hallingdal.

Stillinga vil vere sentral for å styrke og synleggjere folkemusikk og folkedans i regionen, og sikre berekraftig utvikling av tradisjonskulturen.

Moglege oppgåver for koordinatoren:

- Vera bindledd mellom det offentleg og lokallaga
- Søkje midlar i samarbeid med lokallag
- Utvikle opplæringstilbod, for både barn og vaksne
- Vere informasjonsansvarleg og drive synleggjering via nettside og sosiale medier
- Koordinere og eventuelt arrangere kurs som *Storhelg i Hallingdal*
- Leie arbeid med å få Hallingdal sin kulturarv (t.d. lausdansen) inn på UNESCO si verdsarvliste
- Utvikle ein lokal fagplan for folkemusikk i grunnskulen, inspirert av Setesdal-modellen
- Støtte distriktsmusikaren ved å ta ansvar for det administrative arbeidet, som kommunikasjon, avtalar og samarbeid med barnehagar, skular og kulturskular. Dette frigjer tid for distriktsmusikaren til å fokusere på rekruttering og utøving.

Effektar av stillingane:

Oppretting av stilling som distriktsmusikar og folkemusikk-koordinator vil ha fleire positive effektar:

Kulturarv og rekruttering

- Sikrar vidareføring av Hallingdal sin unike kulturarv i ei tid med stort behov.
- Profesjonelle utøvarar i barnehagar, skular og kulturskular vil engasjere barn og unge.
- Skapar kontinuitet og styrkar rekrutteringa til lokale spel- og dansarlag.

Fellesskap og identitet

- Byggjer fellesskap på tvers av generasjonar og kommunar.
- Gir barn og unge sterkare lokal forankring og identitetskjensle.
- Kan bidra til større attraksjonskraft og tilbakeflytting til Hallingdal.

Skule og samfunn

- Faste innslag i skule og barnehage gir alle barn tilgang til folkemusikk og -dans.
- Skapar inkluderande og mangfoldige kulturtilbod som styrkar oppvekstvilkår.

Folkehelse

- Folkedans har dokumentert positiv effekt på fysisk og psykisk helse.
- Dansk forsking (2022–2024) viser at folkedans kan redusere einsemd, styrke immunforsvar og auke meistring og sjølvtillit.

Økonomi

Det at er full politisk semje om at noko må gjerast for å ta vare på tradisjonskulturen i Hallingdal. Prosjekt tradisjonskultur har kome med kvalifiserte forslag til korleis ein kan gjera dette, basert på eigne erfaringar og på erfaringar frå andre distrikt. Hovudutfordringa er finansiering.

Prosjektet har foreslått ei deltidsstilling som koordinator for folkemusikk og 2-3 deltidsstillingar totalt 200% som distriktsmusikarar. Dette utgjer om lag 2,5 mill. pr år. Det kan vera utfordrande å få til. Men så kan ein redusere stillingsstorleik, talet på stillinger, vertskommunen vil ta større del enn andre, ein kan få inn eksterne aktørar og andre måtar å organisera det på og då kan talet bli eit heilt anna. I den fasen me er i no meiner me at me må prøve å få oversikt over kva finansierings-kjelder ein kan prøve å få tak i utanfor kommunane og så må kommunane ta drøftinga på om dei ønskjer å ta sin del av rekninga for å redde tradisjonskulturen i dalen.

Under er det to tabellar som viser totalkostnad ved ulike eksempel og fordeling pr kommune ved ulike løysingar

Kostnadsoversikt ved ulike eksempel

	Eks 1	Eks 2	Eks 3	Eks 4	Eks 5	Eks 6
Koordinator 50%	500 000	500 000	500 000	500 000	500 000	500 000
Distriktsmusikar 100%				1 000 000	1 000 000	1 000 000
Distriktsmusikar 200%	2 000 000	2 000 000	2 000 000			
Ekstern finansiering	0	500 000	1 000 000	0	500 000	1 000 000
Kommunalt finansieringsbehov	2 500 000	2 000 000	1 500 000	15 000 000	1 000 000	500 000

Fordeling pr. kommune ved 30/70 fordeling

Kommune	Kommunalt finansieringsbehov				
	500 000	1 000 000	1 500 000	1 000 000	1 500 000
Flå	42500	85000	130 000	170 000	130 000
Nesbyen	80000	160000	240 000	320 000	240 000
Gol	102500	205000	310 000	410 000	310 000
Hemsedal	70000	140000	205 000	280 000	205 000
Ål	105000	210000	315 000	420 000	315 000
Hol	100000	200000	300 000	400 000	300 000
SUM	500 000	1 000 000	1 500 000	1 000 000	1 500 000

Korleis dette skal gjerast og finansieringa må jobbast meir med, men det er viktig å starte arbeidet no om ein skal få det inn på budsjett 2026. Uansett vil det bli halvårsverknad i 2026 og heilårsverknad frå 2027. Ei mogeleg løysing er at administrasjonen i regionrådet saman med prosjektleiinga i tradisjonskulturprosjektet undersøkjer moglege finansieringskjelder, mens kommunane tek stilling til om dei ønskjer å delta på finansiering av ei stilling som folkehelsekoordinator og distriktsmusikar, og så må saka attende til Regionrådet i august før ev blir ein del av kommunane sin budsjettprosess

Forslag til vedtak :

Regionrådet ber administrasjonen greie ut moglege eksterne finansieringskjelder og ber kommunane ved KRU om å om å drøfte ev. deltaking inkl. omfang og finansiering. Saka kjem attende til Regionrådet i august

Hallingdal 6. juni 2025

Jan Olav Helling
Dagleg leiar